



# Gudstenestene i openberringstida 2020

Forslag til liturgiske element - bokmål og nynorsk



## Gudsteneste og misjon

**Misjon handlar om kyrkja sitt vesen og oppdrag. «Som Far har sendt meg, sender eg dykk», seier Jesus i Joh. 20,21. Gjennom det vi er, seier og gjer, lever vi ut det frigjerande evangeliet om Jesus Kristus, både for oss sjølve, for medmenneska våre, for samfunnet, og for verda.**

Openberringstida i Den norske kyrkja er tida der misjonsperspektivet vert særskild løfta fram. Gjennom tekstane som openberrar kven Kristus er, vert det nemlig også openberra kven vi er som kyrkje, og kva som er oppdraget vårt.

I openberringstida vert vi difor utforda til å ikkje berre fortelje om misjon. Gudstenesta er ein stad der ein sjølv får ta del i kyrkja sin misjon, både gjennom å ta i mot ordet og sakramenta (jf. CA7), men også gjennom

lovsong, forbøn, givarteneste, og deltaking i eit verdsvidt fellesskap som er sendt for å leve ut evangeliet i ord og handling lokalt og globalt, både i og utanfor kyrkja.

Dei liturgiske byggeklossane nedanfor er utarbeida av Samarbeid menighet og misjon (SMM), og er meint å kunne brukast som ressursar innanfor «Ordning for hovudgudstenesta» for Den norske kyrkja og den lokale kyrkjelyden sin gudstenesteordning.

## Liturgiske byggeklossar til openberringstida

### GUDSTENESTEROMMET

- |  |  |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li><input type="checkbox"/> <b>Lysglobe</b><br/>Kristus som lyset for (heile) verda. I openberringstida kan ein plassera lysgloben meir sentralt, t.d. i midtgangen framfor koret</li><br/><li><input type="checkbox"/> <b>Døpefont</b><br/>Lat døypefonten vere synleg, og la dåpsfatet og dåpskanna vere i døypefonten, også dersom det ikkje er dåp. Der ein ikkje har lysglobe kan døypefonten få ein sentral plass i openberringstida.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li><input type="checkbox"/> <b>Misjonsavtale</b><br/>Sjekk at de har oppdatert plakat med misjonsavtalen i kyrkja. Legg fram oppdatert informasjon om misjonsprosjektet.</li><br/><li><input type="checkbox"/> <b>Agenda</b><br/>Ta med informasjon om misjonsprosjektet i denne. Hent bilete/tekst frå prosjektet si heimeside.</li><br/><li><input type="checkbox"/> <b>Dekorasjonar</b><br/>Dersom de har flagg, gjenstandar, bilete el. frå misjonsprosjekta, kan dette gjerne henge framme i kyrkjerommet eller andre aktuelle stader, heile openberringstida.</li></ul> |
|--|--|

## INNGONGSORD / INNGANGSORD

*Tenn hovudlyset i lysgloben, og tenn lys for vår eigen kyrkjelyd, for misjonsprosjektet aller anna kyrkjelydsarbeid som uttrykk for kyrkja sitt oppdrag lokalt og globalt. Lystenninga kan t.d. avsluttast med ei av desse korte forklaringane:*

### Nynorsk

(Dersom dåp: I dag skal vi feire dåp.)

I dåpen set Gud oss inn i den verdsvide kyrkja, gjev oss del i Jesus oppdrag og sender oss til verda med sin Heilage ande.

Saman er vi kalla til omsorg for nesten, til kamp for rettferd, og til å forkynna evangeliet om Guds kjærleik til verda gjennom hans einborne Son Jesus Kristus.

*eller*

Vi tenner lys(a) i lysgloben for å minne oss om at vi er ein del av ei, verdsvide kyrkje. Det utfordrar oss til omsorg, ansvar og fellesskap med verda. Saman med den verdsvide kyrkja er vi kalla til det oppdraget Kristus gav oss; å bære Han, lyset for verda, fram til alle.

### Bokmål

(Dersom dåp: I dag skal vi feire dåp.)

I dåpen setter Gud oss inn i den verdensvide kirke, gir oss del i Jesu oppdrag og sender oss til verden med sin Hellige ånd.

Sammen er vi kalt til omsorg for vår neste, til kamp for rettferdighet, og til å forkynne evangeliet om Guds kjærighet til verden gjennom hans enbårne Sønn Jesus Kristus.

*eller*

Vi tenner lys(ene) i lysgloben for å minne oss om at vi er en del av én, verdensvid kirke. Det utfordrer oss til omsorg, ansvar og fellesskap med verda. Sammen med den verdensvide kirken er vi kalt til det oppdraget Kristus gav oss; å bære Ham, lyset for verden, fram til alle.

## SAMLINGSBØN / SAMLINGSBØNN

*Dersom kyrkjelyden sin gudstenestordning tillét det, samlingsbøn nr. 2 eller 7 frå «Ordning for hovudgudsteneste», eller denne:*

### Nynorsk

Treeinige Gud, du har skapt oss til fellesskap og teke i mot oss i dåpen. Som du sende Son din til oss, har du også sendt oss inn i verda. For ditt andlet er vi er samla med glede og forventning til kva du vil gjera.

Lat opp hjarta våre for deg. Lat kjærleiken din til alle menneske og til skaparverket ditt fornya oss til teneste for deg.

### Bokmål

Treenige Gud, du har skapt oss til fellesskap og tatt i mot oss i dåpen. Slik du sendte din Sønn til oss, har du også sendt oss inn i verden. Vi er samlet for ditt ansikt med glede og forventning til hva du vil gjøre.

Lukk opp våre hjerter for deg. La din kjærighet til alle mennesker og til ditt skaperverk fornye oss til tjeneste for deg.

## SYNDSVEDKJENNING / SYNDSBEKJENNELSE

*Dersom kyrkjelyden sin gudstenestordning tillét det, synsvedkjenning nr. 3 eller 5 frå «Ordning for hovudgudsteneste», eller denne:*

### Nynorsk

Heilage Gud, vi vedkjenner at vi ofte berre ser det vi vil sjå, og berre høyrer det vi vil høre.

Tilgjev oss når vi ikkje bryr oss om naud og smerte som rammar andre.

Tilgjev oss når vi ikkje forhindrar diskriminering, fordømming og krenking av menneskeverdet.

Tilgjev oss når vi av frykt for andre eller av omsyn til eigen komfort lét vere å dele ditt frigjørende evangelium.

### Bokmål

Hellige Gud, vi bekjenner at vi ofte ser bare det vi vil se, og hører bare det vi vil høre.

Tilgi oss når vi ikke bryr oss om den nød og smerte som rammer andre.

Tilgi oss når vi ikke forhindrer diskriminering, fordømmelse og krenkelse av menneskeverdet.

Tilgi oss når vi av menneskefrykt eller hensyn til egen komfort lar være å dele ditt frigjørende evangelium.

## KYRIE/GLORIA

*Der ein har høve til å variere fra kyrkjelyden si faste ordning:*

- Bruk gjerne varianter frå andre land i openberringstida, for å uttrykke vår deltaking i den verdsvide kyrka. Sjå NoS 13 nr. 976.1-6, eller bøkene *Syng håp 1 og 2*.
- NoS 240 *Måne og sol* (evt. med liturgisk innleiing).

## TEKSTLEsing

*Les gjerne bibeltekstane på fleire språk, og inviter gjerne nokon som har eit anna morsmål eller kan andre språk som medliturgar. Evangelieteksta skal likevel også alltid lyde på kyrkjelydens målform/språk.*

## PREIKE

*Sjå utsendte tekstdjennomgangar for openberringstida. Andre tips til preike med eit moderne misjonalt perspektiv:*

- **Missio Dei:** Gud Fader sendte Sonen, Gud Fader og Sonen sendte Den heilage ande, og Gud Fader, Sonen og Den heilage ande sendte kyrkja (lett å linke til jula).
- **Skapt -> Døpt -> Sendt**
- **Heilskapleg misjonsforståing:** Misjon er ikkje å slå andre i hovudet med bibel og kultur. Misjon et det vi er kalla til som kyrkle: Diakoni, kamp for rettferdighet, og å forkynne evangeliet med det vi gjer og seier.
- **Etterfølging:** Kyrkjenes Verdsråd møtttest i Arusha Tanzania i 2018, og vedtok «Kallet frå Arusha» (The Arusha Calling) om etterfølging av Kristus. Sjå: <https://kirken.no/globalassets/kirken.no/smm/dokumenter/filer-2018/the-arusha-call-to-discipleship.pdf>
- **Spørsmål til preiketekstane:**
  - Korleis viser Jesus kva vi er kalla til i denne teksta? (WWJD)
  - Vert tilhøyrarane gjevne eit oppdrag i teksta?
  - Teksta si «frelseshistoriske» samanheng hjelper ofte med å relatere til Missio Dei-perspektivet over.
  - Korleis modellerer Jesus kyrkja og hennar oppdrag i denne teksta?

## KUNNGJERINGAR

*Info om kyrkjelydens misjonsprosjekt (sjå heimesider for ressursar).*

## FORBØN / FORBØNN

*Forslag til utarbeidd forbønsledd:*

### Nynorsk

Lat oss be for den verdsvide kyrkle og kyrkja i vårt eige land.

Gud, du som er misjonens kjelde, takk for at du har kalla oss til deg og i dåpen har gjeve oss del i di kyrkle og i Jesu oppdrag. Hjelp kvar enkelt av oss til å følgja deg i kvardagen, og formidle din kjærleik til nesten vår gjennom ord og handling.

Takk for vår kyrkjelyd her i/på <Soknets namn>. Lat oss vera eit trygt fellesskap for born, vaksne og familiar i samfunnet vårt, og ein stad der alle kan få møte deg. Vi takkar deg for at kyrkjelyden vår får vere med på arbeidet i/til <Sett inn misjonsprosjektet her>. Velsign og styrk dei som arbeidar der/i dette, og lat arbeidet verta til det beste for mange.  
(forts..)

### Bokmål

La oss be for den verdenswide kirke og kirken i vårt eget land.

Gud, du som er misjonens kilde, takk for at du har kalt oss til deg og i dåpen gitt oss del i din kirke og i Jesu oppdrag. Hjelp hver enkelt av oss å følge deg i hverdagen, og formidle din kjærleik til nesten vår gjennom ord og handling.

Takk for vår menighet her i/på <Menighetens navn>. La oss være et trygt fellesskap for barn, vaksne og familiar i samfunnet vårt, og et sted der alle kan få møte deg. Vi takker deg for at menigheten vår får være med på arbeidet i/til <Sett inn misjonsprosjektet her>. Velsign og styrk dem som arbeider der/i dette, og la arbeidet bli til det gode for mange.  
(forts..)

Du som sende din Heilage ande for å leia  
di kyrkje på jorda, hjelp oss å samarbeide så  
flest mogleg får sjå ditt evangelium. Gjev oss  
som Jesu kropp på jorda mot til å kjempe mot  
urettferd, visdom til å sjå korleis vi kan hjelpe  
kvarande, og styrke til å handla når lemmar  
på din lekam vert forfølgde for ditt namns  
skuld. Gud, vi bed.

Du som sende din Hellige ånd for å lede  
din kirke på jorda, hjelp oss å samarbeide så flest  
mulig blir berørt av ditt evangelium. Gi oss som  
Jesu kropp på jorda mot til å kjempe mot  
urettferdighet, visdom til å se hvordan vi kan  
hjelpe hverandre, og styrke til å handle når  
lemmer i på dett legeme blir forfulgt for ditt  
navns skuld. Gud, vi bed.

#### **Alternative forslag:**

- Forbønsmodell 4 i ordninga for hovudgudstenesta – bøn i fire himmelretningar.
- Bønevandring med stasjonar som handlar om oppdrag eller misjonsprosjektet.
- Bruk gjerne fleire språk i forbønene.

#### **UTSENDINGSORD**

*Gudstenestelivet, der vi regelmessig vert kalla til gudsteneste, høyrer Ordet og tek del i sakramenta, og igjen går ut i verda, vert av og til kalla for kyrkja sin pust eller andedrett. At vi som kyrkje er sendt til verda, kan tydeleggjera ved dette utsendingsordet:*

#### **Nynorsk**

L: Jesus seier: Fred vere med dykk. Som far  
har sendt meg, sender eg dykk (**Joh, 20,21**).

#### **Bokmål**

L: Jesus sier: Fred være med dere. Som far  
har sendt meg, sender jeg dere (**Joh, 20,21**).

#### **SALMEFORSLAG**

##### **Norsk salmebok 2013**

- |     |   |
|-----|---|
| 101 | Kristus er verdens lys                  |
| 482 | Deg å få skoda                          |
| 532 | Guds kirkes grunnvoll ene               |
| 690 | Reis deg Guds menighet                  |
| 695 | Rop det ut med hjertets jubel           |
| 608 | Når vi deler det brød som du oss gir    |
| 87  | Jesus, ja han alene                     |
| 258 | Himmelen tonar av lovsong               |
| 393 | Cantai ao Senhor / Kom syng for vår Gud |
| 691 | Din rikssak Jesus være skal             |
| 698 | Åkrane kvitnar mot hausten              |
| 697 | Der det nye livet lever                 |
| 609 | Hører du den hemmelige sangen           |
| 991 | Slik som min Fader sendte meg           |

633    Gå du med oss for vegen er lang.

479    Fordi han kom og var som  
morgenrøden

434    Det er navnet ditt jeg roper /Kallet

##### **Barnesalmeboka:**

- |     |   |
|-----|---|
| 146 | Kum ba yah, my Lord                     |
| 150 | Fortell dem om mitt rike                |
| 152 | Jeg vil være med å si det høyt til alle |
| 155 | Lyset er kommet til verden              |
| 285 | Alle barn kan komme                     |